



Innkalling av Valnemnda

Møtedato: 19.12.2019
Møtestad: Rådhuset, Frekhaug
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
018/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/19	Godkjenning av møteprotokoll
020/19	Val av styre til Leif Øksnes Minnefond
021/19	Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv
022/19	Borgarleg vigsel i Alver kommune

12. desember 2019

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: 19/2527
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 12.12.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
018/19	Valnemnda	19.12.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: 19/2526
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 12.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
019/19	Valnemnda	19.12.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saken:

28.11.2019 Protokoll - Valnemnda - 28.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Valnemnda

Møtedato: 28.11.2019
Møtestad: Rådhuset Frekhaug, møterom1 - 2.etg.
Møtetid: 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Utvalsleiar
Morten Klementsens	FNB	Nestleiar
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
011/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/19	Godkjenning av møteprotokoll
013/19	DIHVA – Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS, namneendring og endring frå IKS til AS
014/19	Val av representantar til NGIR IKS representantskapet
015/19	Val av klagenemnd
016/19	Val av klagenemnd eigedomsskatt
017/19	Val av ungdomsråd - varamedlemmar

011/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valnemnda 28.11.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VALN- 011/19 vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

012/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Valnemnda 28.11.2019:

Handsaming:

Vedlegg med oversikt over medl/vara til styrer, råd og utval var lagt til protokollen

26.11.2019, etter utsendt innkalling.

Oppdater protokoll, 26.11.2019, vart samrøystes godkjent.

VALN- 012/19 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

013/19: DIHVA – Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS, namneendring og endring frå IKS til AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre gjer vedtak om å delta i stiftinga av Vannvest AS og kjøpe ein aksje i Vannvest AS pålydande kr 5000, å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar pr 01.01.2019, og å tre ut av DIHVA IKS med verknad frå 01.09.2020.

Følgjande får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet 04.12.2019:.....

Følgjande representerer Alver kommune i generalforsamlinga i valperioden:.....

Vararepresentant:.....

Følgjande representerer kommunen i representantskapet for DIHVA IKS fram til

nedlegging:.....

Vararepresentant:.....»

Alver formannskap 21.11.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg 1. avsnitt vart samrøystes vedteke.

Formannskapet sender val av representantar til kommunestyret via valnemnda.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 002/19 innstilling:

«Alver kommunestyre gjer vedtak om å delta i stiftinga av Vannvest AS og kjøpe ein aksje i Vannvest AS pålydande kr 5000, å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar pr 01.01.2019, og å tre ut av DIHVA IKS med verknad frå 01.09.2020.

Følgjande får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet

04.12.2019:.....

Følgjande representerer Alver kommune i generalforsamlinga i

valperioden:.....

Vararepresentant:.....

Følgjande representerer kommunen i representantskapet for DIHVA IKS fram til

nedlegging:.....

Vararepresentant:.....»

Valnemnda 28.11.2019:

Handsaming:

Framlegg:

Følgjande får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet 04.12.2019:

leiar areal, plan og miljø Malin Andvik med vara nestleiar areal, plan og miljø Anne Grete Eide

Følgjande representerer Alver kommune i generalforsamlinga i valperioden: leiar areal, plan og miljø Malin Andvik

Vararepresentant nestleiar areal, plan og miljø Anne Grete Eide

Følgjande representerer kommunen i representantskapet for DIHVA IKS fram til nedlegging:

leiar areal, plan og miljø Malin Andvik

Vararepresentant nestleiar areal, plan og miljø Anne Grete Eide

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 013/19 innstilling:

Følgjande får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet 04.12.2019:

leiar areal, plan og miljø Malin Andvik med vara nestleiar areal, plan og miljø Anne Grete Eide

Følgjande representerer Alver kommune i generalforsamlinga i valperioden: leiar areal, plan og miljø Malin Andvik

Vararepresentant nestleiar areal, plan og miljø Anne Grete Eide

Følgjande representerer kommunen i representantskapet for DIHVA IKS fram til nedlegging:
leiar areal, plan og miljø Malin Andvik

Vararepresentant nestleiar areal, plan og miljø Anne Grete Eide

014/19: Val av representantar til NGIR IKS representantskapet

Innstilling frå valnemnda vert lagt fram i møtet:

Representantar frå Alver kommune:

Medlem:	Varamedlem:
1.	1.
2.	2.
3.	3.
4.	4.
5.	5.
6.	6.
7.	7.
	8.

Valnemnda 28.11.2019:

Handsaming:

Framlegg:

Medlem:	Varamedlem:
1. Laila Bjørge - SP	1. Leif Taule - SP
2. Ingrid Fjeldsbø - H	2. Bente Bergetun - FNB
3. Tormod Skurtveit - AP	3. Anne Grete Eide - AP
4. Stian Lavik KRF	4. Anita Bakken - MDG
5. Nina Øvreås - FRP	5. Thomas Larsen - H
6. Sveinung Toft - V	6. Torbjørn Taranger - SV
7. Yngve Walaker - FNB	7. Malin Andvik - KRF
	8. Svein Hagesæter - FNB

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 014/19 innstilling:

Representantar frå Alver kommune:

Medlem:	Varamedlem:
1. Laila Bjørge - SP	1. Leif Taule - SP
2. Ingrid Fjeldsbø - H	2. Bente Bergetun - FNB
3. Tormod Skurtveit - AP	3. Anne Grete Eide - AP
4. Stian Lavik KRF	4. Anita Bakken - MDG
5. Nina Øvreås - FRP	5. Thomas Larsen - H
6. Sveinung Toft - V	6. Torbjørn Taranger - SV
7. Yngve Walaker - FNB	7. Malin Andvik - KRF
	8. Svein Hagesæter - FNB

015/19: Val av klagenemnd

Valnemnda legg fram innstilling i saka:

Valnemnda 31.10.2019:**Handsaming:**

Framlegg:

Kommunestyret utset saka til neste møte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 006/19 Vedtak:

Kommunestyret utset saka til neste møte.

Alver kommunestyre 31.10.2019:**Handsaming:**

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Saka vert utsett til neste møte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 020/19 Vedtak:

Saka er utsett.

Valnemnda 28.11.2019:**Handsaming:**

Framlegg:

MEDLEM	PARTI	VARAMEDLEM	PARTI
Arne Ramslie - leiar	KRF	1.Thomas Larsen	H
Leidulv Brunborg	AP	2.Bente Sagstad	
Ståle Hopland	FNB	3.Toril Mongstad	R
Inger-Marie Nordland		4.Esben Helland	FRP
Liv Hopland van der Kooij - nestleiar	SP		

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 015/19 innstilling:

MEDLEM	PARTI	VARAMEDLEM	PARTI
Arne Ramslien - leiar	KRF	1.Thomas Larsen	H
Leidulv Brunborg	AP	2.Bente Sagstad	
Ståle Hopland	FNB	3.Toril Mongstad	R
Inger-Marie Nordland		4.Esben Helland	FRP
Liv Hopland van der Kooij - nestleiar	SP		

016/19: Val av klagenemnd eigedomsskatt
Valnemnda sin innstilling vert lagt fram i møtet:

Valnemnda 28.11.2019:**Handsaming:**

Framlegg:

MEDLEM	PARTI	PERSONLEG VARA	PARTI
Anna Kirkeluten- leiar		Tommy Øvretveit	FRP
Are Nygård - nestleiar	AP	Odd Matre	SP
Egil Magnar Eidsnes	KRF	Anita Bakken	MDG

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 016/19 innstilling:

MEDLEM	PARTI	PERSONLEG VARA	PARTI
Anna Kirkeluten- leiar		Tommy Øvretveit	FRP
Are Nygård - nestleiar	AP	Odd Matre	SP
Egil Magnar Eidsnes	KRF	Anita Bakken	MDG

017/19: Val av ungdomsråd - varamedlemmar**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet vert vald som vedtak i kommunestyret 31.10.2019 med tillegg av vara som vist i saksutgreiinga.

Valnemnda 28.11.2019:**Handsaming:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 017/19 innstilling:

Ungdomsrådet vert vald som vedtak i kommunestyret 31.10.2019 med tillegg av vara som vist i saksutgreiinga.

Arkiv:
JournalpostID: 19/2521
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 11.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
020/19	Valnemnda	19.12.2019
	Alver kommunestyre	

Val av styre til Leif Øksnes Minnefond

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Styret i Leif Øksnes Minnefond vert samansett slik:

Ordførar i Alver kommune

Leiar for utval : oppvekst, kunnskap og kultur Leiar for Nordhordland Ballklubb NBK

Kari Gerd Øksnes og Erling Paul Øksnes

Saksopplysninger:

Leif Øksnes Minnefond i Lindås kommune går no over til Alver kommune. Dette krev endringar i vedtektene angående samansetting til styret.

Styret i Leif Øksnes Minnefond:

Ordførar i Alver kommune

Leiar for utval : oppvekst, kunnskap og kultur Leiar for Nordhordland Ballklubb NBK (inga endring) Kari Gerd Øksnes og Erling Paul Øksnes (foreldre - inga endring)

Leif Øksnes Minnefond:

Skal dele ut stipend til en eller flere ildsjeler som jobber gratis for å ta vare på barn og ungdom i deres fritid for å forebygge samfunnsproblemer, blant annet forebygge narkotika.

Arkiv:
JournalpostID: 19/2502
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 09.12.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
021/19	Valnemnda	19.12.2019
	Alver kommunestyre	

Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv

Vedlegg i saken:

09.12.2019 Søknad om permisjon fra politiske verv

Valnemnda sin innstilling vert lagt fram i møtet:

Saksopplysninger:

Kenneth Taule Murberg søker permisjon frå politiske verv i perioden 24.11.2019 tom 31.12.2020.

Endring av jobbsituasjon i haust er årsaka til søknaden.

Frå rundskriv om konstituerande møte (H-4/19):

9.2 Val av settemedlem

Føresegna i kommunelova § 7-10 andre ledd er ny i den nye lova, og gjev reglar om val av settemedlem. Dersom ein folkevald person i eit anna organ enn kommunestyret har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein settemedlem i den perioden. For at kommunestyret kan velje settemedlem, må det altså vere gjeve eit fritak. Kommunestyret kan ikkje velje ein settemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak. Kommunestyret må følgje rekkefølga på lista over varamedlemer ved val av settemedlem. Dersom personen som har fått fritak også er medlem av kommunestyret, må det kallast inn ein varamedlem for vedkomande til kvart kommunestyremøte etter føresegna i § 7-10 første ledd.

Kommuneloven:

§ 7-9.Uttreden og fritak

.....Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over

§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

.....Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.

Kenneth Taule Murberg-H har følgende verv i Alver:

Medlem kommunestyret

Medlem utval areal, plan og miljø

Varamedlem formannskap og valstyre

Varamedlem SU Manger skule

Alver kommune
V/ordfører
Postmottak, Kverhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Søknad om permisjon fra politiske verv

Jeg viser til mitt verv som folkevalgt i Alver kommune, og søker herved om permisjon fra dette vervet.

Permisjon er ønsket fra og med **24.11.2019** til og med **31.12.2020**

Bakgrunnen for søknaden er endret jobbsituasjon fra i høst, som per i dag er krevende og krever stor oppmerksomhet.

Jeg ser at under disse forholdene, så er det vanskelig å skjøtte mitt politiske verv på en god måte ovenfor kommunens interesser, og ikke minst ovenfor våre innbyggere.

Jeg anser det som et dårlig signal å sende, at man grunnet manglende tid, vil få et halvhjertet forhold til politiske verv og oppgaver. Det er derfor mest ryddig at jeg fratrer vervet i en periode frem til situasjonen har stabilisert seg.

Jeg beklager denne situasjonen, men håper på forståelse.

Jeg ønsker dere alle for øvrig lykke til med byggingen av en ny kommune. Alver kommune har god grunn til å være stolt av sitt politiske miljø, og ikke minst, sine ansatte! Jeg benytter også anledningen til å ønske dere alle ei riktig god førjulstid!

Manger 24.11.2019

Med vennlig hilsen
Kenneth Taule Murberg

Arkiv:
JournalpostID: 19/1999
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
015/19	Alver formannskap	05.12.2019
022/19	Valnemnda	19.12.2019
	Alver kommunestyre	

Borgarleg vigsel i Alver kommune

Vedlegg i saken:

26.11.2019 Retningsliner for borgarleg vigsel i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av «Lov om endring i ekteskapslova og bustøttelova m.m. (oppgåveoverføring til kommunane)» av 16. juni 2017, paragraf 12 punkt b., gjev kommunestyret i Alver følgjande folkevalde og kommunalt tilsette vigselsmynde med verknad frå 1. januar 2020.

Frå Alver kommunestyre

Kommunestyrerepresentant _ _ _ _ _

Frå administrasjonen

Kultursjef Eirik Bouwer Utne
Kommuneadvokat Jarle Landås

Kommunestyret godkjenner bruk av rådhuset i Knarvik og Frekhaug og Tingstova på Manger som vigselsstadar i Alver kommune.

Alver kommune vil så langt som råd prøve å etterkome brudeparet sine ønskje om vigselsstad. Om det førar med seg ekstraordinære kostnadar/planlegging, må brudeparet sjølv stå for organisering og meirkostnadar.

Kommunestyret tek retningsline for vigsel i Alver kommune til orientering.

Alver formannskap 05.12.2019:

Behandling:

Saka vert sendt valnemnda før endeleg handsaming i kommunestyret. Saka vart samrøystes vedteke.

FO- 015/19 innstilling:

Saka vert sendt valnemnda for endeleg handsaming i kommunestyret.

Bakgrunn

I «Lov om endring i ekteskapslova og bustøttelova m.m. (oppgåveoverføring til kommunane)» av 16. juni 2017 nr. 66, med forarbeid, går det fram at borgarleg vigslar vert overført frå notarius publicus (tingretten) til kommunane frå 01.01.2018.

Ordførar og varaordførar er i hht lovas paragraf 12 punkt b., gjeven vigselssmynde i kraft av sine verv. Samstundes er kommunestyret gjeve kompetanse til å gje vigselssmynde til kommunalt tilsette eller folkevalde.

Kommunestyret må ta stilling til om det i Alver kommune skal gjevast vigselssmynde til andre enn dei som følgjer av lova (ordførar og varaordførar) og eventuelt kven som skal gjevast slik mynde.

Vurdering

Det er viktig å ta omsyn til at ordførar og varaordførar har ein travel og tett kalender. I tillegg må det takast høgde for at det kan inntreffe sjukdom og at ferie skal avviklast. Dette kan gjere dei baa utilgjengeleg på enkelte tidspunkt avsett til vigsel og som særleg er ønskja av brudepar.

Det er difor rådmannen sin vurdering at det av omsyn til ikkje å avgrense brudepara si valmoglegheit når det gjeld tidspunkt for vigsla, leggast opp til «overdekning» heller enn «underdekning» av vigslarar.

Rådmannen rår derfor til at kommunestyret gjev vigselssmynde til ytterlegare ein folkevald slik at det er tilstrekkeleg dekning til å skjytte denne oppgåva i dei tilfella brudeparet ønskjer å bli vigde av ein folkevald.

Det er Barne- og likestillingsdepartement klare råd til kommunane at det også vert oppnemnd kommunalt tilsette som kan vere egna til vigseloppgåva. Bakgrunn for dette klare rådet er at det kan vere tenleg at vigselseremonien også kan verte utført av nokon som er politisk nøytral, då mange brudepar kan ha eit ønskje om at vigselsseremoni skal ha eit preg av politisk nøytralitet, noko ein ikkje vil få dersom ein folkevald er vigslar.

For å ta omsyn til dei som ynskjer ein politisk nøytral vigslar, rår rådmannen til at det også vert gjeven vigselssmynde til to tilsette frå administrasjonen. Dei same grunnar som er vist til for dei folkevalde, jf. ovanfor, gjer seg også gjeldande for dei tilsette i administrasjonen og det blir anbefalt at det også her gjevast vigselssmynde til to tilsette.

Rådmann gjev følgjande anbefaling;

- Kultursjef Eirik Bouwer Utne
- Kommuneadvokat Jarle Landås

Kultursjef i Alver, som administrator og ansvarleg for den nye vigselordninga i kommunen, vil passe godt som vigslar.

Kommuneadvokaten er også eit naturleg val som vigslar, då han gjennom sin formalkompetanse også ville vore kvalifisert til å fungere som Notarius publicus (vigslar) ved tingrettane etter den gamle vigselmodell. Brudepar vil av den grunn lett kunne identifisere ham med rolla som vigslar.

Etter dette vil det vere tre folkevalde frå kommunestyret og to representantar frå administrasjon som vil kunne utføre borgarlege vigslar i Alver kommune.

Vigselsmynde gjeld til den folkevalde trer ut av kommunestyret eller den kommunalt tilsette avsluttar sitt arbeidsforhold i Alver kommune. Vigselsmynde vil då automatisk opphøyra.

Vigselsstadar i Alver kommune

Det vil vere naturleg at lokalar på Rådhuset i Knarvik og på Frekhaug og Tingstova på Manger vert nytta som vigslestad. Ein kan og nytte andre stadar i Alver. Alver kommune vil så langt som rå prøve å oppfylle brudeparet sine ønskje om vigslingsstad. Om det skulle føre til ekstraordinære kostnadar/planlegging, vil brudeparet sjølv måtte stå for organisering og meirkostnadar.

Rutinar knytt til borgarleg vigsel

I utforming av rutinar m.m. knytt til borgarleg vigsel, har administrasjonen sett til domstolane sine rutinar kring utøving av vigselsmynde.

Alver kommune gjev tilbod om borgarleg vigsel som ein del av servicetilbodet til innbyggjarane. Tilbodet kan variere noko frå kommune til kommune. Felles for alle er dei rammene regelverket stiller til kven som har vigselskompetanse og vilkåra for å kunne gjennomføre ein vigsel.

Føremålet med retningslina er å bevisstgjere kommunen både med omsyn til tanken bak servicetilbodet, samt vere instruks for vigselsoppgåva. Retningslina er meint til internt bruk.

Se elles vedlagte retningsliner.

RETNINGSLINER FOR BORGARLEG VIGSEL I ALVER KOMMUNE

1. Innleiing

Alver kommune gir tilbod om borgarleg vigsel som ein del av servicetilbodet til innbygarane. Tilbodet kan variere noko frå kommune til kommune. Felles for alle er dei rammene regelverket stiller til kven som har vigselkompetanse og vilkåra for å kunne gjennomføre ein vigsel.

Formålet med retningslina er å bevisstgjere kommunen både med omsyn til tanken bak servicetilbodet, samt vere instruks for vigseloppgåva. Retningslina er meint til internt bruk.

2. Kven har vigselkompetanse i Alver kommune?

I medhald av «Lov om endring i ekteskapslova og bustøttelova m.m. (oppgåveoverføring til kommunane)» av 16. juni 2017, paragraf 12 punkt b, gjev kommunestyret i Alver følgjande folkevalde og kommunalt tilsette vigselmyndede med verknad frå 01. januar 2020 Kommunestyret sak _____;

_____ kommunestyrerepresentant

Eirik Bouwer Utne kultursjef

Jarle Landås kommuneadvokat

Ordførar og varaordførar har etter lova vigselrett automatisk.

Vigselmyndede gjeld til den folkevald trer ut av kommunestyret eller den kommunalt tilsette avslutter sitt arbeidsforhold i Alver kommune. Vigselmyndede vil då automatisk opphøre.

3. Kor kan vigsling gjennomførast?

Som hovudregel vert vigsel gjennomført i lokalar på Rådhuset i Knarvik og på Frekhaug eller Tingstova på Manger. Ein kan og nytta andre stader i Alver. Alver kommune vil så langt som råd prøve å etterkome brudepar sine ønskje om vigselstad. Om det førar med seg ekstraordinære kostnader/planlegging, må brudeparet sjølv stå for organisering og meirkostnader.

4. Prøving av ekteskapsvilkåra

Prøving av ekteskapsvilkåra vert sette i verk av folkeregisteret, jf. ekteskapslova § 6.

5. Vigsel hos Alver kommune

5.1. Før endeleg avtale om tidspunkt for vigsel vert inngått, bør følgjande vere på plass:

5.1.1. Brudeparet må legge fram **prøvingsattest** utstedt av folkeregisteret der brudeparet bur, og som ikkje må vere eldre ein fire månader, jf. ekteskapslova § 10 første ledd.

5.1.2. Der brudeparet, eller ein av dei som ønskjer å inngå ekteskap, har bustadadresse i eit anna nordisk land, skal prøvingsattest hentast inn frå heimlandet og sendast folkeregisteret der prøvinga av ekteskapsvilkåra skal finne stad.

Der brudeparet, eller ein av dei som ønskjer å inngå ekteskap har fast bustad utanfor Norden, skal prøvingsattest sendast frå heimlandet til Skatt Nord Hammerfest, Personregisteret, N-9613 Hammerfest.

5.1.3. Brudeparet skal **legitimere** seg for vigslar før vigsel vert gjennomført. Hugs at gyldig legitimasjon utelukkande er pass, norsk førarkort og norsk bankkort (med bilde), jf. lov om notarius publicus § 2 siste ledd jf. forskrift om notarius publicus § 8. Det vert like fullt akseptert at gyldig legitimasjon i original er vist fram for politiet/lensmann og at det ligg føre stadfesting for rett kopi. Asylsøkjjerbevis er **ikkje** gyldig legitimasjon. Vidare er det viktig å merke seg at folkeregisteret har

andre regler til krav om legitimasjon for utferding av prøvingsattest, enn lovens krav til legitimasjon for vigsel hos kommunane.

5.1.4. Når det gjeld personar med utanlandsk pass, er det særskilt viktig å vere på vakt mot forfalskingar, til døme namn, fødselsdato m.m. Ta om nødvendig kontakt med folkeregisteret og eller framandpolitiet for å undersøke gyldigheit av legitimasjon. Det har kome fram falske pass og dette vil politiet kunne avdekke.

5.1.5. Det vert anbefalt å krevje framlagt legitimasjon i original allereie før endeleg avtale om tidspunkt for vigsel vert inngått. Det bør då takast kopi av legitimasjonen som leggast saman med dokumenta. Man unngår då å måtte avvise brudeparet før vigselsseremonien startar, fordi gyldig legitimasjon ikkje kan leggast fram.

5.1.6. Avklar behov for **tolk**. Brudeparet sørgjer for at tolk blir bestilt og kostar dette sjølve. Tolk skal godkjennast av Alver kommune. Namn på tolk må sendast inn snarast til Alver kommune. Av omsyn til tolkearbeidet, vert det tilrådd å sende vigselsritualet til tolk i forkant av vigsel.

5.1.7. Om **vigsel vert gjennomført på eit anna språk enn norsk** og ein av partane har norsk som hovudspråk, bør det vurderast om det er behov for at vedkommande før vigsel får utdelt kopi av vigselsritualet på norsk. (Typisk døme er at vigsel går føre på engelsk av omsyn til den eine part og den norske part har avgrensa kunnskap i engelsk).

5.1.8. Informer brudeparet om ramma for seremonien og avklar om det er spesielle ønskje og eller behov (t.d. musikk). Det vert tilrådd å ha ein bevisst haldning til tidsramma for seremonien og kva for innslag som vert akseptert. Avklar i forkant av seremonien om ringer skal setjast på i samband med seremonien. Ein kan opplyse brudeparet om at dei på www.Alver.kommune.no under «vigsel» finn opplysningar om vigselsritualet.

5.1.9. Brudeparet må få informasjon om at dei sjølv skal stille med to **vitnar** som skal vere eldre enn 18 år (som ikkje behøver å vere forlovar). Alver kommune kan midlertidig ved spesielle behov tilby å stille med vitnar, men dette må avtalast på førehand.

5.2. Sjølve vigsel

5.2.1. I forkant av vigsel, undersøk om det tidlegare er lagt fram legitimasjon i original, og om kopi ligger ved vigsels papira. Om ikkje original legitimasjon er lagt fram på eit tidlegare tidspunkt, må legitimasjon krevjast i original før vigsel vert gjennomført. Dersom slik legitimasjon ikkje kan synast fram, kan vigsel ikkje gjennomførast. I alle tilfelle må den som gjennomfører vigsel kontrollere at brudeparet er dei som er legitimert.

5.2.2. Det er ingen regler for kva for side brudeparet sitt. Det kan likevel vere greit å ha nokon tankar om det i forkant av vigsel.

5.2.3. Gjennomgå vigselsritualet.

Det er utarbeid vigselsritual er fastsett ved kongeleg resolusjon av 5. desember 2008.

Vigsel teksten ligg føre på bokmål, nynorsk og engelsk.

5.2.4. Etter at vigsler har erklært brudeparet som rette ektefolk, skal vigselsboka underskrivast av brudeparet, vitnar og vigsler. Førebels vigselattest, i underskrevet stand, vert levert brudeparet og dei vert orientert om at original blir sendt per post frå folkeregisteret.

Kopi av prøveattest sendes Folkeregisteret innan 3 dagar etter vigsel. Saman med denne skal det sendes ein oversikt over godkjende vigslarar i Alver kommune.

5.2.5. Etter vigsel er gjennomført, er oppgåva avslutta.